



Tiltak frå førebyggjande helse; Jordmor, helsestasjon og skulehelsetenesta

Alle kjem i kontakt med førebyggjande helse og dei avdelingar som ligg under førebyggjande helse på ulike tidspunkt i livet. Tenesta har brei kompetanse på mange ulike tilstandar og kan mykje om ulike livssituasjonar som ein kan komma i. Dei kategoriane som er lista opp under er rettleiande, dersom du du lurar på noko ta kontakt med kontaktpersonen som er oppført.

Namn på tiltaket: Kartlegging	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-20 år	
Omfang: Individuelt eller etter behov	Kontaktperson i tenesta: Inger Lise Haukås, leiande helsesjukepleiar tlf. 97558564. Eller helsesjukepleiar ved den aktuelle skulen eller barnehagen.
Tiltaket: Helsestasjon og skulehelseteneste kartlegger gjennom observasjon, samtaler, anamnese og ulike verktøy. Det vert deretter gjort ei vurdering på kva ein tenkjer kan vera nyttig å gjera vidare. Kartlegginga kan vere målretta, på grunnlag av opplysningar frå samarbeidspartar, familien eller andre. Me kartlegger ressursar så vel som utfordringar, og innhentar informasjon frå både brukar og nettverk. Me nyttar ulike verktøy til undersøking av sansar, som t.d. audiometri (hørsel), Leatavle (syn), Språk 4 og Sats 2 (språk, 2 år). Me kan også kartlegge/avdekke depresjon i svangerskap/barseltid, rus eller vold. Edinburgh postnatal depresjonsskår (EPDS) er eit spørjeskjema som vert nytta for å oppdage pasienter med depresjon i svangerskapet eller etter fødsel. Jordmor eller helsesøster utfører testen. Skåren gjev grunnlag for vurdering i.h.t behovet for utgreiing og evt. behandling. Ved høg EPDS skår vert kvinnene vist vidare til fastleg eller kommunepsykolog.	



BTI - verktøy

Namn på tiltaket: Psykologisk førstehjelp	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: ? - 18 år	Omfang: Fem til ti samtalar med helsesjukepleiar eller kommunepsykolog, individuelt eller i gruppe
Kontaktperson i tenesta: Inger Lise Haukås, leiande helsesjukepleiar tlf. 97558564. Eller helsesjukepleiar ved den aktuelle skulen eller barnehagen.	
Tiltaket: Verktøyet kan hjelpe born/ungdom med å takle vanskelege tankar, kjensler og situasjonar. Å lære seg å takle dette på gode måtar, vil kunne medverka til at borna opplever meir glede, meistring og trygghet, slik at dei seinare kan unngå ulike vanskar. Målet med tiltaket er å hjelpe barn til å identifisere, sortere og sette ord på tankar og kjensler. Slik kan me m.a. førebygge psykiske lidingar. Psykologisk førstehjelp byggjer på hovudprinsippa i kognitiv terapi. Metoden vert også nytta i individuelle konsultasjonar/mindre grupper med skuleelevar.	



BTI - verktøy

Namn på tiltaket: Støttesamtalar	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-23 år	Omfang: individuelt, etter behov
Kontaktperson i tenesta: Leiande helsesjukepleiar Inger Lise Haukaas, tlf. 97558564, eller helsesjukepleiar ved den aktuelle barnehagen/skulen	
Tiltaket: Støtte til identifisering/verbalisering av kjensler. Trøyst, omsorg, alminneleg-gjering/ informasjon. Ofte hjelp til å sortere kjensler, avdramatisere uro og finne eigne mål og tiltak for å avhjelpe situasjonen. Fagpersonalet har mykje kunnskap om normalitet, og kan bruke denne kunnskapen for å avdempe uro, så vel som å avdekke tilhøve som krev ekstra oppfølging og støtte. Psykologisk førstehjelp vert mykje nytta som metode i skulehelsetenesta (sjå eige tiltak).	

Namn på tiltaket: Tilvising til andre instansar	Gjeld nivå: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-23 år	Omfang: Individuelt, etter behov
Kontaktperson i tenesta: Leiande helsesjukepleiar Inger Lise Haukaas, tlf. 97558564, eller helsesjukepleiar ved den aktuelle barnehagen/skulen	
Tiltaket: I dette ligg ofte mykje motivasjonsarbeid, t.d. hjå born/ungdom som ikkje ønskjer involvering frå andre, eller psykisk sjuke foreldre som treng hjelp til å sjå barnets/familien sine behov. Helsestasjonen kan bidra til tilvising til andre aktuelle instansar som blant anna PPT og barnevern. Helsestasjon og skulehelseteneste jobbar førebyggjande, ikkje behandlande. Brukarar med klare, varige behandlingsbehov, skal visast vidare til fastlege eller spesialisthelseteneste.	



BTI - verktøy

Namn på tiltaket: ASQ (Ages and Stages Questionare)	Gjeld nivå: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 2 - 60 mnd.	Omfang: Fylles ut av eller saman med foreldre i ein konsultasjon
Kontaktperson i tenesta: Helsesjukepleiar som følgjer barnet. Vert og brukt i barnehage, og kan brukast av PPT og barneverntenesta	
<p>Tiltaket: ASQ er foreldreutfylte skjema for kartlegging, og ein strukturert samtale om barns utvikling. Det er eit anerkjent verktøy for å kartleggje eit barns utvikling på ulike alderstrinn, for å identifisera utviklingsforseinkingar eller skjevutvikling så tidleg som mogeleg. ASQ er eigna som eit grunnlag for samtalar med foreldra og omsorgsgivara for å støtte barnet si utvikling. Verktøyet er validert for norske forhold i 2003.</p>	
Namn på tiltaket: ADBB (alarm distress baby scale)	Gjeld nivå: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 2 - 24 mnd.	Omfang: 1-3 konsultasjonar, evt. foreldre rettleiing i tillegg.
Kontaktperson i tenesta: Helesjukepleiar som fylgjer barnet eller kommunepsykolog.	
<p>Tiltaket: ADBB er eit klinisk instrument utvikla for observere og måle sosial atferd og tidlege teikn på sosial tilbaketrekking. Det tar ca 10 - 20 minuttar å gjennomføra undersøkinga som danne grunnlaget for skåring av ADBB. Undersøkinga kan foregå i ein ordinær konsultasjon på helsestasjonen. Vurderinga vert gjort innanfor åtta ulike område; ansiktsuttrykk, blikk-kontakt, generelt aktivitetsnivå, sjølvstimulerande rørsler, voklaisering, responshurtighet til stimulering, relasjon og attraktivitet.</p>	



BTI - verktøy

Namn på tiltaket: SDQ (streght and difficultis questionnaire)	Gjeld nivå: 1 og 2
Aktuell aldersgruppe: 11 - 16 år	Omfang: 1 - 2 konsultasjonar, som del av ei kartlegging av barnet
Kontaktperson i tenesta: Helsesjukepleiar som fylger barnet eller helsesjukepleiar ved den aktuelle skulen eller barnehagen	
Tiltaket: SDQ er et kort spørreskjema for atferdsscreening av barn og ungdom. Det er et selvutfyllingsskjema som skal kartlegge psykisk helse, vennerelasjoner og prososial atferd hos ungdom i alderen 11-16 år, og tar noen få minutter å fylle ut. Det er meningen at forskere, klinikere og pedagoger kan administrere og tolke SDQ.	



BTI - verktøy

Namn på tiltaket:	Gjeld nivå:
Aktuell aldersgruppe:	Omfang:
Kontaktperson i tenesta:	
Tiltaket:	